

Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/783-14

Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune sender refusjonskrav til Førde kommune på 1,765 mill. kr for dekking av halvparten av kostnadane knytt til forprosjektet «Kløften».

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

Fylkestinget vedtok i sak 8/19 at investeringsprosjektet «Kløften» ikkje vert realisert. I same vedtak, pkt. 3, står følgjande;

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», dvs. kostnader som skal delast mellom fylkeskommunen og Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.»

For å kome i posisjon til å sende søknad til Staten om medfinansiering av investeringsprosjektet «Kløften», var det i si tid naudsynt med eit forprosjekt. Formannskapet i Førde kommune vedtok i sak 010/16 å dekke 50 % av kostnadane, maks. 2,5 mill. kr, knytt til eit forprosjekt for fellesmagasin og utstillingsbygg i Movika dersom prosjektet ikkje vart realisert. Dette var i tråd med føresetnadane i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt vedtak i FT-sak 68/15 vedk. dette prosjektet.

Samla netto kostnader knytt til arbeidet med forprosjektet for «Kløften» vart på 3,531 mill. kr i perioden 2016-17. Førde kommune sin del av kostnadene (50 %) vert då på 1,765 mill. kr. Fylkesrådmannen får i oppdrag å sende krav til Førde kommune om refusjon av utgiftene.

Fylkeskommunen har så langt forskottert alle forprosjektutgiftene. Vår del av desse (50%) er alt finansiert (fondsbruk).